

FELLESRÅDET I MELAND.

ÅRSMELDING OM ARBEIDET I FELLESRÅDET 2015.

Fellesrådet sine medlemmer 2015 m/personlege varamedlemmer vart vald av kommunestyret 2011 for 4 år.

I 2013 gjekk eit av medlemmene bort og eit medlem vart friteken frå kommunale verv.

Etter dette har Fellesrådet slik samansetjing:

Medlemmer:		Personlege varamedlemmer:
Klara Hansen	Meland eldresenter	1. Bjørg Aadland
	” ”	2. Gunhild Sagstad
Klara Mongstad	” ”	1. Johannes Fosse
	” ”	2. Kari Røyrbotn
Sigurd Knudsen	” ”	1. Magne Eikevik
	” ”	2. Kirsten Jensen
Kirsten Torsvik	SAFO	1. Arvid Sakseide
		2. Vigdis O. Brakstad
Anne Berit Kolås	SAFO	1. Tore Eugen Hansen
		2. Reidun Grønhaug
Anne Marie Skurtveit	FFO	1. Aslaug Haugland
		2. Ingunn Slettebakken
Leif Johnsen	UDU	1. Henriette Fennelly
		2. Per Kristian Holmetun
Øyvind Oddekalv	ULK	1. Elna Bjørndal
		2. Erling Rønnestad

I møte i kommunestyret 09.09.15, sak 64 vedtok kommunestyret å avvikle Fellesrådet, og Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vart etablerte.

I 2015 har Fellesrådet hatt 5 møte og handsama 47 saker.

Fellesrådet har handsama 27 saker i tillegg til godkjenning av innkalling/sakliste, møtebok, skriv og meldingar og aktuelle saker:

Plansaker fellesrådet har fått til uttale:

1. Kommuneplan arealdel 2014-2026

Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal orienterte om status.
Fellesrådet tek informasjonen til orientering.

2. Varsel om oppstart av planarbeid for Midtmarka og Rotemyra

Fellesrådet kom med følgjande merknad:

- Gode rekkefølgjekrav
- Utbyggingstakten må vere slik at infrastruktur og kommunale tenester er på plass.’

Saker fellesrådet har fått til uttale:

3. **Budsjettrevisjon 2015**
Fellesrådet vil be om at rammene innan teneste pleie og omsorg må aukast.
4. **Økonomiplan 2016-2019**
Under investering – boligar: Fellesrådet vil be om å verta informert tidleg om boligplanar. Rådet ønskjer å kome inn tidleg i prosessen.
5. **Kapasitetsdel barnehageplanen – ny vurdering**
Fellesrådet tek barnehageplanen til etterretning. Ny barnehage må vera kommunal.
6. **Høring – forslag om endringar i helligdagslova for å tillate søndagsopne butikkar.**
Fellesrådet støttar ikkje regjeringa sitt forslag til endringar i helligdagsfredlova som opnar for søndagsopne butikkar. Fellesrådet ønskjer at Meland kommune opprettheld gjeldande lovkrav.
7. **Evaluering av Fellesrådet**
Fellesrådet laga ein uttale til kommunestyret. Fellesrådet var delt i synet på om det skulle være eit råd eller to.
8. **Prosjekt kvar dagsrehabilitering i Meland kommune.**
Fellesrådet ser positivt på prosjekt Kvardagsrehabilitering og at Fellesrådet vert referansegruppe.

Saker fellesrådet har teke opp på eige initiativ:

9. **Romsituasjonen på Meland sjukeheim/stoda i heimetenesta**
Budsjettet er stramt. Ved revidering av budsjettet må ein tilstrebe å auke rammene på sjukeheimen og i heimetenesta.
10. **Kommunen si handtering av straumstans under uværet 10. og 11. januar.**
Fellesrådet er uroa over beredskapen i kommunen under uværet/straumbrotet 10. og 11. januar. Rådet reknar med at aggregat vert kjøpt inn og montert. Det var ingen informasjon verken på nett eller via NRK.
11. **Offentleg toalett i Frekhaug senter**
Fellesrådet ber om at det vert fortgang i arbeidet med å lage til offentleg toalett i Frekhaug senter.
12. **Tilkomst til Meland kyrkje**
Fellesrådet vedtek å sende skriv til rådmann der ein peikar på manglar for å tilretteleggje tilkomst til kyrkja.
13. **Stoda i pleie og omsorg**
Notat sendt rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam.

- 14. Bortfall av feriepengar til avlastarar og støttekontaktar**
Fellesrådet stilte spørsmål til aktuell instans. Fellesrådet ber om ei forklaring på kvifor desse endringane har kome og vil følgje saka vidare.
- 15. Fellesråd – eit eller to råd**
Det vart røysta over om det framleis skal vere eit fellesråd. Det var fleirtal for å ha to råd. Det vart peika på at råda bør ha møte på same dag, grunna at saksbehandlar kan orientere begge råda samstundes.
- 16. Kriseberedskap**
Personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen orienterte om beredskapsarbeidet i kommunen.

Deltaking på kurs og konferansar:

- 17. Den Internasjonale eldredagen 1. oktober**
Arrangement på Nordhordland Folkehøgskule
Arnt Brakstad: Rundtur i Melandsnaturen
Kulturinnslag frå Meland kulturskule
I tillegg deltok prest, ordførar, Seniordansarane og Pensjonistkoret
Fint arrangement med god underhaldning og god mat
- 18. Eldrerådskonferansen i Hordaland 2015**
Klara Mongstad og Sigurd Knudsen tok del.

Kulturarrangement:

- 19 Den kulturelle spaserstokken**
Arrangement på Norhordland Folkehøgskule med artisten Olav Stedje
Konsert i ungdomshuset på Rosslund
Basis i syskrinet og verktøykassen i samarbeid med Museumssenteret i Hordaland (Salhus) vitja Lerketunet

Leiar og nestleiar i Fellesrådet har jamlege møte med ordførar.

Fellesrådet får innkalling m/sakspapir og protokoll frå Utval for drift og utvikling og Utval for levekår.

Leif Johnsen refererer i Fellesrådet frå møte i UDU og Øyvind Oddekallv refererer frå møte i ULK.

Innkalling og sakspapir har vorte sendt den lokale pressa, Meland Helselag Eldresenter, Meland Helselag, biblioteka, ordførar og rådmann.

Møtebok frå møta vert sendt dei same, samt sekretær for Utval for leverkår og Utval for drift og utvikling .

Fellesrådet har hatt møte der tilsette i administrasjonen har orientert om følgjande:

- Rådsgjevar Helge Kvam, tenestoområdeleiar Meland sjukeheim Randi Minde og tenestoområdeleiar heimetenestene Britt Romarheim:
Romsituasjonen på Meland sjukeheim
- Kommuneplanlegger Kristin Nåndal:
Kommuneplan, arealdel 2014 – 2026

- Plansakansvarleg Alexander Helle:
Varsel om oppstart av planarbeid for Midtmarka og Rotemyra
- Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen:
Kriseberedskap

I Lov om Eldreråd av 08.11.1991 og Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne av 17.06.2005 står det m.a.:

”Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret vedtek mandat for samansetjing av råda. Fellestrådet er eit rådgjevande organ for kommunen. Alle saksdokument skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene. Fellestrådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levevilkåra for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.”

Fellestrådet sine oppgåver:

I odelstingsproposisjonen vert det nemnd ein del sakstypar som fellestrådet skal ha til handsaming. Dette gjeld m.a. økonomiplan og kommuneplan - tiltak og planar i helse- og sosialsektoren - bustadprogram og reguleringsplanar - samferdselssaker og kommunikasjonsplanar - kulturelle og andre kommunale tiltak som vedkjem eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Fellestrådet er eit partipolitisk uavhengig råd, som arbeider på tvers av partigrensene. Det skal vere orientert om levevilkåra for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen.

Fellestrådet ber om at kommunalavdelingane, råd og utval er vakne for kva saker som gjeld **"levevilkåra for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne"**, slik at Fellestrådet får sakene **før** det vert gjort endeleg vedtak.

Frekhaug 09.02.2016

FELLESRÅDET I MELAND

Sigurd Knudsen
leiar

Randi Hilland
Sekretær